



Tormod Lerøy
Ekregaten 1
5036 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/763 - 17/8822

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:
20.03.2017

Utsleppsløyve - gbnr 153/11 Valle

Administrativt vedtak. Saknr:

Tiltakshavar: Tormod Lerøy

Ansvarleg søker: Seim Bygg AS

Type utslepp : Sanitært avløpsvatn med utslepp mindre enn 50 pe

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 12-5

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknaden om utsleppsløyve for gnr. 153 bnr. 11. Storleiken til utsleppet er opplyst til 5 pe.

Det vert elles vist til søknad mottatt 28.02.17.

Plassering

Plassering og utsleppsstad er vist i kart i målestokk 1:5000 eller større datert 28.02.17, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 d.

Reinsekrav

Eigedomen ligg i eit område der det er krav til minimum slamavskiljar etter forureiningsforskrifta kapittel 12.

Nabovarsel



Partar og andre som vert råka av utsleppet er varsla og er gjeve høve til å uttale seg innan fire veker frå varsel er sendt, jf. forureiningsforskrifta § 12-4 nr 2.

Det har ikkje komen merknader til søknaden

Privatrettslege tilhøve

Anlegget skal plasserast på gbnr 153/2. Det ligg føre ei skriftleg avtale mellom eigar av gbnr 153/2 og eigar av gbnr 153/11 som sikrar tiltakshavar rett til plassering av slamavskiljar på bnr 2.

Leidning i frå slamavskiljar skal førast inn på eksisterande spillvannsleidning på gbnr 153/21. Det ligg føre ei skriftleg av tale som sikrar tiltakshavar rett til å kople seg på leidning på bnr 21.

Plassering

Plassering av anlegg og leidningsnett kan etter kommunen sin vurdering godkjennast i samsvar med kart datert 28.02.17.

Reinsekrav

Søknad om utsleppsløyve kan etter kommunen sin vurdering godkjennast slik den ligg føre med krav til slamavskiljar.

Drift og vedlikehald

Det er eit vilkår for utsleppsløyvet at anleggseigar inngår serviceavtale for drift og vedlikehald av anlegget, jf. forureiningsforskrifta § 12-14 nr 1 c.

VEDTAK:

Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta §§ 12-3 og 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for utslepp frå slamavskiljar på følgjande vilkår:

1. Anlegget skal plasserast slik at det kan tømmast og vedlikehaldast av slamtømmebil.
2. Anlegget, eller deler knytt til anlegget kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest for avlaupsanlegget.
3. Anlegget skal inngå i den kommunale slamtømmeordninga
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstilla krav i forureiningsforskrifta §§ 12-7 til 12-13.
5. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna felles avlaupsleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneberer ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

Bortfall av løyve

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller innstillast arbeidet i lengre tid enn to år, faller retten til å etablere utsleppet bort. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn, jf. forureiningsforskrifta § 12-5, fjerde ledd.

Ferdigstilling

Når arbeidet med etablering av avløpsanlegget er ferdigstilt skal den ansvarlege for arbeidet skriftleg melde i frå til kommunen at anlegget er etablert og arbeidet utført i samsvar med dette løyvet. Samstundes skal det senast inn stadfesting for montering frå det føretaket som har levert anlegget, og serviceavtale for drift og vedlikehald.

Plassering av anlegg, samt leidningsanlegg med kummar, knekkpunkt og utsleppspunkt skal innmålast og koordinatar skal sendast kommunen, seinast ved førespurnad om mellombels bruksløyve/ferdigattest.

Anlegget eller nokon del av det kan ikkje takast i bruk før det ligg føre mellombels bruksløyve eller ferdigattest etter plan- og bygningslova.

Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet

Kommunen er forureiningsstyresmak og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekke kostnad knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, sette nye vilkår og om naudsynt kalle tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18, jf. forureiningsforskrifta § 12-14.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/763

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Seim Bygg As

Nesbrekka 28

5912

SEIM

Mottakarar:

Tormod Lerøy

Ekregaten 1

5036

BERGEN